

STYREPROTOKOLL

Tirsdag **6. desember 2016** holdt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Astri Furumo.

MØTESTAD:	Haugesund Rådhus, spiserom, 1. etasje
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 16.00 – 17.10
AV MEDLEMMENE MØTTE:	Astri Furumo (styreleiar), Simon Næsse (nest-leiar) og Siv Bente Stople Østbø (styremedlem)
FORFALL:	Ingen
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Dagleg leiar Toril Hallsjø
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
INNKALLING:	Godkjent med utsending pr. e-post 30.11.16
SAKSLISTE:	Ingen merknader

Følgjande saker blei handsama:

SAK 22/16 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 01.09.16

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Protokoll frå styremøtet 01.09.16 blir godkjent.

Styrehandsaming 06.12.16:

Østbø peika på at i sak 20/16 var det skreve «frå 62 til 65 år», medan KLP si avtale vert det nytta «62-64 år». Styret meinte det ikkje var naudsynt å rette protokollen, då det ligg i avtalen at den tar slutt når arbeidstakar fyller 65 år. Styret hadde ingen andre merknader.

Samrøystes vedtak 06.12.16:

Protokoll frå styremøtet 01.09.16 blir godkjent.

SAK 23/16 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 06.12.16

24. Brev frå KLP m/avtale om deltaking i 100 % utjamning for AFP 62-64 frå 01.01.17
25. Protokoll – lønnsforhandlingane 2016 – rådgjevar og dagleg leiar
26. Møteplan 2017 – totalt 50 møte med 25 på kvar utvalssekretær
27. Samarbeidsavtale – Agder, Rogaland, fylkeskommunen og Haugaland Kontrollutvalgssekretariat frå 21.06.07
28. KS-Bedrift om deira høyringsuttale til NOU 2016:4 Ny kommunelov
29. FKT - høyringsuttale til NOU 2016:4 Ny kommunelov
30. NKRF - høyringsuttale til NOU 2016:4 Ny kommunelov

Styrehandsaming 06.12.16:

Styreleiar orienterte og styret kom med kommentarar.

Samrøystes vedtak 06.12.16:

Styret tar referatsakene 24 - 30 til orientering.

SAK 24/16 – STATUSOVERSIKT PR. DESEMBER 2016

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Statusoversikt pr. desember 2016 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 06.12.16:

Rekneskapsrapport pr. 06.12.16 blei lagd fram. I den var også desemberlønn og etterbetaling. Dagleg leiar orienterte om status om arbeidssituasjon, økonomi og neste års planar. Styret hadde ingen spesielle merknader.

Samrøystes vedtak 06.12.16:

Statusoversikt pr. desember 2016 blir tatt til orientering.

SAK 25/16 – MØTEPLAN 2016

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Styret vedtar følgjande møteplan for 2017: tysdag 21.02, tysdag 04.04, tysdag 19.09 og tysdag 05.12 kl. 15.30.

Representantskapsmøtet blir sett til måndag 24. april 2017 kl. 18.00

Dagleg leiar kan, i samråd med utvalsleiar, endre møtedato dersom det vert naudsynt.

Styrehandsaming 06.12.16:

Næsse viste til mogeleg problem 04.04 og 19.09 pga. møte i Stavanger same dag. Styret valde å halde på datoane og varamedlem vert kalla inn, dersom han ikkje kan. Styret ønska møta sett til kl. 16.00. Styreleiar meldte at ho ikkje kan stille den 24.04 og nestleiar vil då møte.

Samrøystes vedtak 06.12.16:

Styret vedtar følgjande møteplan for 2017: tysdag 21.02, 04.04, 19.09 og 05.12 kl. 16.00.

Representantskapsmøtet blir sett til måndag 24. april 2017 kl. 18.00. Då styreleiar har lovleg forfall vil nestleiar stille på møtet.

Dagleg leiar kan, i samråd med utvalsleiar, endre møtedato dersom det vert naudsynt.

EVENTUELT

Ingen saker blei meldt.

Aksdal, 6 desember 2016

Astri Furumo (sign.)
Styreleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar